

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Høyringsvar – forslag om endringer i forskrift om opptak til høgare utdanning og forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning

UiT takkar for moglegheita til å komma med innspel og vil kommentere dei føreslegne endringane som gjeld nivåkrav ved opptak til sjukepleie og lærarutdanningane, og dessutan opptakskrav til praktisk-pedagogisk utdanning. Innleiingsvis vil UiT seia at forslaga tek dei viktige samfunnsutfordringane i landet generelt og Nord-Noreg spesielt på alvor.

Det er heilt nødvendig å rekruttera fleire sjukepleiarar og lærarar. Eit grep er å fjerna nivåkrav på utdanningane til desse yrka og sikra at fleire har høve til å komma inn på studia.

Bachelor i sjukepleie

Framfor alt støttar UiT forslaget om at nivåkravet til sjukepleiestudiet blir heilt og fullt fjerna og at dette blir gjort gjeldande frå opptaket i 2025. Vi meiner at dette kan bidra til å auka rekrutteringa av motiverte og gode studentar, utan at det vil svekka kvaliteten på ferdig utdanna sjukepleiarar. Det er den høge faglege kvaliteten på utdanninga, utdanningsinstitusjonane, praksisfeltet og dei nasjonale deleksamenane som sikrar kvaliteten på sjukepleiarane som *kjem ut* av bachelorutdanninga. Forslaget frå regjeringa, som no er vedtatt av Stortinget, legg ikkje opp til å svekke noko av dette. Erfaringar frå UiT viser at fleire studentar når kompetansekrava dersom ein utviklar og tar i bruk pedagogiske tiltak og nye læremiddel, og UiT er budd på å utvikle dette vidare.

Det er også foreslått ei overgangsordning som gir institusjonane høve til å fjerna nivåkrav på sjukepleie allereie i år, etter at hovudopptaket er ferdig, ved å gjennomføra lokale opptak til ledige studieplassar. Her er det presisert at dette ikkje vil vera ein del av det samordna opptaket og at det er opp til kvar enkelt institusjon å gjera lokale opptak til ledige studieplassar etter at hovudopptaket er gjennomført 20. juli.

UiT er glad for tiltak som både på kort og lang sikt tar tak i den prekære rekrutteringssituasjonen og at institusjonane allereie i dette opptaket kan fylle opp ledige studieplassar.

Det er likevel nokre utfordringar knytt til både det prinsipielle og gjennomføringa vi ønsker å adressere i det følgjande. Prinsipielt er det uheldig å endra opptakskrav i eit pågåande opptak. Ved å opna for ei

endring i opptakskrava i eit pågåande opptak vil det vera krevjande å vareta lik behandling av søkarane hausten 2024, og det vil kunne bidra til store nasjonale forskjellar.

Ei frivillig ordning der institusjonane som ønsker det, kan ta løysinga i bruk gjennom lokale opptak, skaper ein situasjon som kunne vore unngått ved å laga ei nasjonal løysing. Nokre institusjonar vil ha kapasitet og ressursar til å laga eigne løysingar, medan andre ikkje. Dette bidreg til å auka forskjellar nasjonalt i opptaket i år, og konkurransesituasjonen om studentane aukar.

I tillegg til nasjonale forskjellar kan eit lokalt opptak bidra til at institusjonane mistar oversikta over om søkarane også har søkt andre stader. Det vil ikkje vera mogleg å ha oversikt over om vi tar studentar frå andre studiar hos oss sjølve, der det typisk er kryss-søking.

I praksis betyr det at institusjonane vil ha utfordringar med å treffa rett på talet på tilbod vi bør senda ut, ikkje berre på sjukepleie, men på andre program der det er vanleg med kryss-søking, særleg på vernepleie. I tillegg veit vi av erfaring at dei som søker på ledige studieplassar, oftare søker om reservert studieplass. UiT ser at det kan bli ein uoversiktleg situasjon både lokalt og nasjonalt.

UiT meiner at ei slik overgangsordning midt i eit opptak tilseier at ein bør finne ei nasjonal løysing via Samordna opptak, slik at ein klarer å vareta likebehandlingsprinsippet best mogleg. Sikt (HK-dir.) har uttalt at det vil vera for risikabelt å opna dei same studieprogramma på ledige studieplassar, med endra opptakskrav, fordi dei fryktar at dette kan få store konsekvensar for heile opptaket. UiT meiner at det finst alternative løysingar som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Til dømes meiner UiT at det vil vera mogleg å oppretta nye søknadskoder for dei utdanningsprogramma det gjeld og opne opp for å ha opptak til ledige studieplassar via Samordna opptak på denne måten. Desse vil då ikkje påverka resultata frå saksbehandlinga fram til hovudopptaket, sidan dei blir registrerte med nye søknadskodar og eigne regelverk. Vi ber derfor om at det blir gjort ei ny vurdering av om det finst moglegheiter for å laga ei nasjonal ordning i årets opptak.

Vi presiserer at UiT uansett kjem til å gjennomføra eit lokalt opptak til ledige studieplassar på bachelor i sjukepleie med dei rammene som blir fastsette, dersom det ikkje er mogleg å finna ei nasjonal løysing.

Grunnskulelærer og lektorutdanning

Stortinget har ikkje vedteke å endra nivåkrava for lærarutdanningane, men opnar for at institusjonane kan søka om dispensasjon frå nivåkrava. Også her er det foreslått at ein kan søka om dispensasjon allereie frå opptak til ledige studieplassar hausten 2024. I så fall måtte institusjonane søka om dette innan 29.mai i år.

UiT synest det er positivt at ein opnar opp for at institusjonar som ønsker, kan lempa på nivåkrava til lærarutdanningar, fordi vi trur det vil sikra fleire motiverte og kvalifiserte søkarar til lærarutdanningane våre. Dette gir også høve til å hauste erfaringar frå ordninga. Som på sjukepleiarutdanninga vil det krevja at institusjonane sett inn nødvendige tiltak tidleg i studiet. UiT har derfor søkt om unntak frå nivåkrava på alle grunnskulelærarutdanningane våre, inkludert lektorutdanningane våre.

Samtidig meiner UiT at også her burde det vore mogleg å få til ei nasjonal løysning for gjennomføringa av opptaket i år, og at det ville vore den beste løysninga for institusjonane og søkjarane våre. Om ikkje det er mogleg legg vi til grunn at det vil bli lagt til rette for samordning frå og med neste opptak.

Lokal eller nasjonal klagenemnd

I høyringa blir institusjonane bedne om å ta stilling til om eventuelle klagesaker etter opptak gjennom overgangsordningane på sjukepleie og lærarutdanningane bør behandlast i lokal eller nasjonal klagenemnd. Det overordna prinsippet er at nasjonal klagenemnd behandlar klager etter søknader i Samordna opptak, mens lokale klagenemnder behandlar klager frå lokale opptak.

Ved UiT er lokal klagenemnd kjend med behandling av klager som omhandlar spørsmål om generell studiekompetanse, då vi også gjennomfører opptak til desentralisert sjukepleie med oppstart i vårsemesteret. Dette opptaket blir gjennomført lokalt, og eventuelle klager blir oversende lokal klagenemnd.

UiT er også kjend med at dette ikkje er tilfelle ved alle institusjonane og at vurderingar av klagar som omhandlar generell studiekompetanse, kan vera nytt for fleire lokale klagenemnder.

Nasjonal klagenemnd har den lengste erfaringa og mest kompetanse på å vurdere klagesaker etter opptak basert på generell studiekompetanse.

UiT meiner at dersom lokale opptak til ledige studieplassar skal organiserast som eit ordinært opptak der ein behandlar søkarar på særskilt grunnlag, utanlandsk utdanning og dispensasjon frå generell studiekompetanse, bør også klagesaker behandlast i nasjonal klagenemnd, sidan dette involverer spesielle unntaksreglar.

Praktisk-pedagogisk utdanning

UiT er positive til at departementet tek grep for å auka rekrutteringa til PPU. Vi set pris på at departementet understrekar at mastergrad skal vera hovudmodell for norsk lærarutdanning, og at den føreslåtte ordninga er ei unntaksordning. Vi meiner at dette framleis bør vera hovudkriteriet for opptak til PPU og at unntaksordninga bør avviklast så snart andre utgreiingar og tiltak knytt til lærarutdanninga er gjennomførte. UiT meiner også at alle tiltak som no settast inn mot lærarutdanning, må sjåast i samanheng og at tiltak må vera heilheitlege for lærarutdanningane sett under eitt. UiT tilbyr i dag PPU for yrkesfaglærarar (Tromsø og Alta) og PPU for allmennlærarar (Tromsø). Desse har eit omfang på 60 studiepoeng og går over to år. I tillegg har me PPU i musikk, 60 studiepoeng over eit år.

UiT støttar forslaget om ei mellombels ordning som kan gi lærarar i skulen utan formell lærarutdanning moglegheit til å sikra seg formelle kvalifikasjonar. Likevel er UiT bekymra for om dette kan bidra til å svekka rekrutteringsgrunnlaget til femårige lærarutdanningar, som framleis bør vera hovudvegen til læraryrket. UiT meiner det er rett at dette blir ei mellombels ordning, som må evaluerast før ho eventuelt blir vidareført etter 2030.

UiT meiner også det må presiserast nærare kva som skal leggjast til grunn for å få godkjent to års relevant arbeidspraksis, både i omfang og innhald.

UiT vil ikkje nytta seg av moglegheita for unntaksordning med ledige studieplassar på PPU i år.

Vennlig hilsen

Julia Holte Sempler
avdelingsdirektør
—
julia.sempler@uit.no

May-Liss Hestnes
opptaksleder
—
may-liss.hestnes@uit.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og krever ikke signatur